

## Avtale om bruk av datautstyr 1.–7. trinn

*Skulen og lærarane har ansvar for at elevane arbeider med det dei skal i skuletida. For å få til dette må elevane og lærarane samarbeide. Det overordna IKT-reglementet til Vanylven kommune med rettleiing gjeld for alle elevane ved skulen. Gjennom FEIDE -prosjektet har alle elevane ved skulen fått tildelt eit passord som skal gje dei ei pålogging til ressursar som vert nytta i undervisninga.*

IKT-utstyret på skulen gjev moglegheiter til å kommunisere med andre, finne/hente, lagre, sortere og presentere informasjon. Skulen ønskjer at IKT skal vere eit godt og nyttig verktøy for deg når du arbeider med ulike oppgåver. For å bruke skulen sine PC-ar og nettbrett, må du kjenne og godta dei reglane som gjeld for bruk. Ved å ta i bruk skulane sine PC-ar og nettbrett, har du godteke dei reglane som gjeld for bruk.

### **Generelle reglar for utlån:**

Eg har det fulle ansvar for å passe på at ingen skade skjer på datamaskin, nettbrett, eller anna utstyr som vert tatt i bruk i undervisninga (gjeld både maskin, programvare, adapter og anna utstyr). Foreldre/føresette må passe på at dette vert overheldt dersom utstyr skal takast med heim frå skulen.

### **1. Eg har ikkje lov til**

- Å laste ned innhald frå internett eller andre eksterne lagringsinstansar som eg ikkje har fått tydeleg løyve til frå faglærar
- Å avinstallere programvare som skal vere på PC eller nettbrett.
- Å installere programvare som ikkje er godkjend av lærar eller IKT-ansvarleg ved skulen.
- Å bruke utstyret til å kommunisere med andre i skuletida utan særskilt løyve (t.d. Facebook, Instagram, Twitter m.m.)
- Å bruke PC eller nettbrett utan løyve når læraren underviser frå tavle/kateter, eller på annan måte gjennomgår felles stoff i klassen.
- Å bruke mobiltelefon eller andre former for berbar teknologi utan løyve frå lærar.
- Å ete/drikke samstundes som eg nyttar skulen sitt utstyr.
- Det er ikkje lov å teikne eller lime klistermerker på utstyret.

### **2. Orden**

Eg skal lære å halde system på mapper, dokument, minnepennar, læringsplattform og liknande, slik at eg alltid finn og har tilgang til det stoffet eg treng for å gjere skulearbeidet og heimearbeidet mitt. Elevane må etter kvart sjølve danne seg og følgje rutinar for å lagre arbeidet sitt på personleg område for å vere sikra om noko skulle skje med PC eller nettbrett. *Her gjeld elles ordinære ordensreglar og merknad for gløyming.*

Eg skal alltid logge av eller slå av PC og nettbrett etter bruk. Dersom ein får løyve av lærar til å ta med utstyr heim, skal det berre nyttast av den aktuelle eleven til skuleretta føremål. Eleven skal slå av PC og nettbrett på slutten av kvar dag, og har ansvaret for å halde utstyret klart til bruk. Batteriet skal alltid ha nok straum til å kunne brukast på skulen.

### 3. Nettvett

- Eg kan ikkje publisere noko som er i strid med åndsverkloven.
- Eg pliktar å bruke internett på ein slik måte at det ikkje skadar meg sjølv eller andre. Dette inneber mellom anna at eg ikkje kan publisere, eller kommunisere gjennom skulen sitt IKT-utstyr tekst, bilet, lyd, video som er av støytande art, eller som på nokon måte hengjer ut einskildpersonar eller grupper.
- Eg må få samtykke frå medelevar/ føresette for å kunne leggje ut bilet, lyd og video av dei.
- Brukarnamnet og passordet mitt skal haldast hemmeleg, og berre brukast av meg.
- Dersom du mistenkjer at nokon andre kjenner til ditt private passord, skal du straks seie ifrå til lærar eller IKT-ansvarleg på skulen.

### 4. Dersom noko likevel skulle skje

- Dersom noko skulle skje med utstyret, skal eg STRAKS ta kontakt med systemansvarleg
- Bevisst skadeverk (ikkje uhell) vil bli rapportert til heimen snarast råd.
- Skadeverket vil vidare, på lik line med øydelegging av anna skulemateriell, måtte erstattast/ordnast av meg sjølv/føresette. Dette kan omfatte oppdatering, reparasjon eller erstatning av utstyr.
- Mobbing, diskriminering eller trakkassering av andre gjennom skulen sitt IKT-utstyr kan føre til utesetjing frå all bruk av IKT i ei periode. Alvorlege tilfelle vert melde til politiet.
- Dersom ein eller fleire av punkta ovanfor vert brotne, vil vidare utlån opphøyre umiddelbart.
- Utstyret kan med jamne mellomrom bli sjekka med omsyn til alle desse punkta av systemansvarleg ved skulen. Systemansvarleg har open og full tilgang til maskina, og kan utan førehandsvarsling ta inn maskina for å sjekke.

Når du brukar internett heime, bør du vise godt nettvett.

Underteikna er kjend med at brot på desse reglane kan føre til sanksjonar med tanke på bruken av skulen sitt IKT-utstyr.

Eg stadfestar med dette å ha lese og godteke alle vilkåra i denne avtalen:

---

Dato	Namn elev	Namn føresett
------	-----------	---------------